

# REFERAT



## Styremøte 4/2022

Tid: 06.11.2022 1100-1400

Stad: Bømoen/Teams

## AGENDA

Sak		Vedlegg	Ansvar
1	<b>Beslutningssaker</b> 1.1 Godkjenning av innkalling 1.2 Ansettelse 100% operativ sjef 1.3 Dato for programplansamling		Leder DL Leder
2	<b>Orienteringssaker</b> 2.1 Status økonomi 2.2 Status Bømoen saka 2.3 Status Hangar søknad		DL DL DL
3.	<b>Diskusjonssaker</b> 3.1 World cup overskot/underskot 3.2 Avtale med naboar		DL DL
4	<b>Ymse</b> 4.1 Fastsetje dato for neste styremøte		Alle

**Tilstades: Christian Selland (styreleiar), Alexander Hillerich (nestleiar), Andreas Hemli (DL), Kristine Shay Dufey, Jarle Hus (HI), Christer Berge Økland (Teams), Kristian Bystøl (Teams), Stian Knudsen (Teams)**

**Fråvær: Lene Sælen**

### 1.1 Godkjent

1.2 DL gav utgreiing for behovet for ein 100% stilling som driftssjef. Styret ser behovet for dette og har godkjent at administrasjonen kan få ansette stillinga som driftssjef 100%.

1.3 Tentativt medio januar.

2.1 DL gav utgreiing om økonomistatus. Klubben har framleis god likviditet då me har aktivt jobba for dette for å stå sterkare i saka om tomta. Ligg bra an med bilagsføring og har som mål å få ferdigstil trekneskapet i løpet av februar.

**2.2** Det er gjort eit stort steg i denne saka. Kommunen har no blitt einige med Bømoen AS om at klubben får bli der han er og det skal lagast ny festeavtale. Det er framleis ein del detaljar som skal avklarast så saka har høgt fokus i tida framover.

**2.3** Det er tenkt å bygd ein ny hangar for å fasilitere betre flyvedlikehold, pakkeområde, plass til kursing og lagring. Hangaren er tenkt plassert på vestsida av eksisterande pakketelt. No som klubben vil få langsiktige rammevilkår, vil det derfor bli sendt inn byggesøknad til kommunen. Det er eit håp om å få hangaren på plass før World Cup 2023.

**3.1** F/NLF har sendt spørsmål til VFSK om eventuelt deling av underskot/overskot. I utgangspunktet stiller VFSK seg negativt til dette då me ikkje har direkte påvirkning av budsjett og allereie går inn med stor økonomisk og driftsmessig støtte til arrangementet. Arrangementet er i sin heilhet eigd av F/NLF og styret i VFSK ser det derfor naturleg at risikoen ifb. underskot/overskot ligg hjå F/NLF.

**3.2** DL gav utgreiing om dialogen med naboane angående landing på nedre landingsområdet. Det er ikkje landa ein avtale, men det jobbast vidare med dette fram mot sesong. Alternativt vil vi måtte flytte alle landingar opp til hovudområdet, og utvide landingsarealet austover der i april.

**4.1** Blir avholdt i lag med programplansamling.